

Dagbladet

27/6-1991

INNLEGG OG UTFALL

Quislings nye klær



Direktør på Hjemmefrontmuseet, Arnfinn Moland, skriver at journalistene blir forført av Hans Fredrik Dahl, men at Dahl uten tvil kan supplere vår kjennskap til Quisling.

Hans Fredrik Dahl har solide kunnskaper om mangt, ikkje minst om media.

Og media i vår postmoderne tid lar seg gjerne fanga inn av slipset til ein middels TV-kjendis. Eller for den saks skull ein sultkatastrofe i Sudan dersom ikkje noe anna dukkar opp. Dahl har i fleire år arbeidd med ein biografi om Quisling, og lanseringsdatoen nærmar seg. Ei heilside i Dagbladet her, ei Antenne Ti-sending der, det blir fort opplag av slikt. Kanskje vil boka fortæra det, det veit vi lite om i dag. Det vi veit er at Dahl har skapt storm i eit vannglas, sikkert med eit ertande smil om munnen fordi det er så forbaska lett å forföra journalistar på stadiig jakt etter oppslag, vinklinger, salgbart stoff i ein stadiig aukande konkurranse om kundane. Men Dahl spelar høgt, og innsatsen er historiefaget.

I ein kort artikkel er det fåfengt å kommentera alle sider ved Dahls utspel om Quisling. Det vi veit, er at det er vanleg å få eit nært forhold til den person ein skriv biografi om. I dømet Dahl-Quisling ser det ut til at dette fenomenet har slått spesielt hardt ut. La oss gå ut frå at boka vil yta Dahl større rettferd enn det han hittil har klart sjølv. Ut frå det vi veit i dag, står vi att med eitt punkt som er nytt, nemleg dei kjeldene Dahl hevdar han har som viser at Quislings initiativ overfor Hitler var avgjerande for det tyske angrep på Norge.

■ ■ Det mest problematiske er at Dahl, med journalistane i fullt firsprang i hælane utan kritiske tilleggsspørsmål, brukar ord som «rehabilitering» (Dagbladet 8. juni) og «oppriking» (NRK-introduksjon til Antenne Ti 18. juni) i si markedsføring. Dette vil automatiske bli kopla til den dom Quisling fekk etter krigen, uansett kva Dahl presiserer. Ein dødsdom kan sjølvsagt vera like samsatt og full av mangfold som andre, han kan til og med vera rasande skuleflink og glad i hundar, men ein dødsdom kan aldri rehabiliterast i små porsjonar. Rehabilitering av avretta personar har vore eit kjent trekk i dei østeuropeiske land etter som meir eller mindre demokratiske regimer har avlyst stalinismen. Ein naturleg konsekvens av ei slik rehabilitering er ei vedgåing av at den avretta var uskuldig dømd og at det nye regieme ser på handlingane hans på ein heilt annan måte. Slik er det ikkje med Quisling.

Det norske samfunn – og vårt rettsapparat – vurderar hans reaksjonsmønster fra 9. april 1940 til 8. mai 1945 på nøyaktig same måte i 1991 som det gjorde for 46 år sidan. Han ville fått lovens strengaste straff den dag i dag.

■ ■ Utan krigen ville Quisling vore ei fotnote i Norges historie, ei fotnote som m.a. ville ha fortalt om ein usedvanleg evnerik person som gjekk ut av krigsskolen med absolute toppkarakterer, men som fekk liten tilslutning som politikar. Så kom krigen, og Quisling transformerte seg med eitt – ut frå egne handlingar – til eit internasjonalt substantiv, med eit sjølvsagt krav på ein biografi. Men uansett korleis Dahl snur og vender på kjeldene, kan han ikkje etter vanlege kriterier for historieskriving forsvara bruk av dei to orda *rehabilitering* og *oppriking*.

■ ■ Derimot kan han utan tvil supplera vår kunnskap om Quisling, i tillegg til å bidra med meir eller mindre subjektive vurderinger av hans karaktertrekk, ut frå meir eller mindre objektive kjelder. Så får vi heller, når vi har lest boka, vurdera på nytt om Quisling var ein stor politisk leder, ein glimrande organisator, ein framsynt ideolog, den mest lærde statsråd vi har hatt, ein støtdemper for tysk terror etc. I mellomtida får vi notera oss at svært få av hans samtidige la merke til desse evnene. Og det er ikkje alltid samtidta tar feil.

Arnfinn Moland

100374